



KOPI

Asle Romarheim
Fløsvikvegen 62
5915 HJELMÅS

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/19182 - 21/9289

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no


Dato:
10.02.2021

Fortsatt manglar ved søknaden - gbnr 195/252 Leiknes basseng

Tiltak: etablering av utandørs basseng
Byggjestad: Gbnr: 195/252
Tiltakshavar: Asle Romarheim
Ansvarleg søkjar: Romarheim Entreprenør AS

Kommunen syner til melding om tiltak utan søknadsplicht motteke 17.12.2020 og etterfylgjande førespurnad om komplettering av brev datert 15.01.21. Vi har mottatt opplysningar i brevet den 05.02.21, men manglar fortsett nokon punkta:

1. Du opplyser at vatn skal ikkje koplast til kommunal overvassleidning, men skal drenerast på tomta og deretter renne ut i sjøen. Dette vart konferert med VA-avdelinga, slik utslepp krev søknad om utslepp for gråvatn, som skal sendast til avdeling for Miljø og tilsyn. Utsleppsløyve gjeld gråvassutslepp frå bassenget til terrenget. Sjølv om det gjeld prefabrikkert basseng med eget reinsesystem og utsleppsvatn frå bassenget skal reinsast før det skal sleppast ut i terrenget, krev tiltaket utsleppsløyve. Utslepp skal nabovarlas og handsamast etter forureiningslova.
2. Vi viser til leidningskart nedanfor og ber og utgreiing vedr. avstand til privat leidning. Tiltaket kan ikkje plasserast i strid med private leidningar - felles vatn og avløpsanlegg til heile nederste del av Fløsvika, korleis tenker du at dette skal bli ivaretatt? Det skal vere minimum 1 meter avstand, slik at vedlikehald og drift av felles VA-anlegget kan utførast utan hindring.



Bassenget krev vassmålar, uansett om det ikkje skal koplast direkte til vassforsyning, vil basseng bli fyllt med vatn frå leiingsnett. Tilbakeslagssikring på inntak i hus må og dokumenterast ved søknad om ferdigattest.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 21.03.21. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Asle Romarheim
Ragnhild Minde Romarheim

Fløsvikvegen 62
Fløsvikvegen 62

5915 HJELMÅS
5915 HJELMÅS

Mottakarar:

Romarheim Entreprenør AS

Alvervegen 25

5911 ALVERSUND

KOPPI